

Kyrjeklokka

Nr. 1 - 2015

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

79. årgang

Kyrjeklokka ønskjer alle lesarane ei signerik påske - den eldste kristne høgtida

Påske kjem av det hebraiske ordet *pesach* som betyr «å gå forbi». I Det gamle Testamentet er påska ein årleg fest til minne om då Moses førte israelittane ut av fangenskapet i Egypt. Vi les om Farao i Egypt som ikkje ville la israelittane forlate landet, og at Gud sende ti plager over det egyptiske folket for det. Som den tiande plaga sende Gud ein dødsengel gjennom gatene, og den drap alle landets førstefødde søner. Gud hadde gjennom Moses åtvara israelittane om dette, så dei slakta eit lam og strauk blodet frå lammet på dørstolpane på husa sine. Herrens engel gjekk forbi dei husa som hadde blod på dørene, derfor *pesach*: At døden gjekk forbi husa.

I Det nye Testamentet feirar Jesus og disiplane påske på same måte som alle andre jødar alltid har



Nattverden framstilt på eitt av ikona i den serbisk-ortodokse katedralen i Nis i Serbia.

gjort sidan, og si siste påske feirar Jesus i Jerusalem. Han et påskelammet saman med disiplane sine, blir arrestert, forhøyrd, dømd og avretta, men står opp frå grava. Derfor blir påska også

den viktigaste kristne høgtida. Ordet *pesach* - å gå forbi - kan hjelpe oss til å forstå kva den kristne påska betyr: Jesu blod på krossen betyr nemleg at døden i symbolsk forstand også går forbi

vår dør, på same måten som blod frå lammet betydde at dødsengelen gjekk forbi israelittane sine dører i det gamle Egypt.

Kven skal styre kyrkja vår?

Måndag den 14. september er det val på nytt sokneråd, og fram til 1. mai kan du påverke kven som skal stå på lista over kandidatar. Direkte val på fire leke medlemmer av bispedømmerådet skjer samstundes med soknerådsvalet, og det vert opna for førehandsrøysting frå 10. august.

Medlemmene av bispedømmerådet utgjør også Bjørgvin sine medlemmer i Kyrkjemøtet, det høgste organet i Den norske kyrkja. Kyrkjevalet vert halde same dag som kommune- og fylkestingsvalet, og i nærleiken av dei offentlege vallokala. Alle røysteføre medlemmer av kyrkja vil få tilsendt eit valkort

Kyrkjevalet
2015

i posten før 10. august. Der vil det stå kvar ein kan røyste.

I sokneråda våre varierer talet på medlemmer litt, alt etter storleiken på soknet. Dei har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet. I tillegg deltek presten fast på rådsmøta. Soknerådet møtest 2-5 gonger i halvåret. Dei aller fleste som sit i eit sokneråd opplever at vervet ikkje krev så mykje av fritida deira. Medlemmene er valde for fire år.

Sjå elles side 5 og 12

Kateketen og kyrkjelydspedagogen

arbeider med trusopplæringa, og er derfor mykje saman med barn og unge opp til 18 år. I 2003 vedtok Stortinget ein reform som skal sikre at alle døypte får kjennskap til den trua dei er døypte til. Økonomiske midlar som følgjer denne reforma blir brukte til større og små tiltak i kyrkjeleg regi, noko som har blitt endå viktigare no når skulen ikkje lenger gjev opplæring til tru og religiøs praksis. Ein trusopplæringsmedarbeidar legg til rette for og engasjerer seg i dette arbeidet med for til dømes baby-song, LysVaken-arrangement, Tårnagentane, tilrettelegging



av gudstenester på borns premisser og anna. Ta gjerne kontakt med kateket Beate Nes eller vikaren for kyrkjelydspedagogen, Janet Rudolph, dersom du vil vite meir om trusopplæringa eller har gode idear du tykkjer dei kan arbeide vidare med.

Side 2 og 3

«Saman om skatten»

Trusopplæring i Indre Nordfjord

Temaet for trusopplæringa i Indre Nordfjord er "saman om skatten". Med skatten tenkjer vi ikkje på sølv eller gull, men på det gode Gud vil gje oss gjennom bibelfortellingane, songane, bønna, fellesskapet og gudstenesta. Det har i mange år skjedd mykje kjekt for barn og unge her hos oss. No jobbar vi med ei opptrapping av trusopplæringa her i Indre Nordfjord. Målet er at alle barn og unge frå 0-18 år etter kvart skal bli invitert til minst ei trusopplæringsamling kvart år.

På desse sidene vil du finne små glimt frå samlingane våre

Tårnagentsamling i Olden kyrkje!

Søndag, den 30.11. 2014 var det den store agentsøndagen til 26 born frå 3. og 4. klasse i frå Loen og Olden. Alle fekk først agentkort, registrerte seg med fingeravtrykk og fekk vite det hemmelege passordet som vart nødvendig for å kome seg opp i tårnet. Dei vart testa grundig om de klarer å vere oppmerksame nok, kunne leite skikkeleg og hugse på det, dei har nettopp sett. Med stor begeistring song agentane «Kom, kom igjen tangentar, gitar og jenter, mysteriet venter!!!» Vi øvde på bevegelser til songen og fekk veldig god hjelp av solistane Nina Tonning og Lena Egset. Dei song solo og dei er begge medlemmer av Soul Children-koret i Olden. Frå begynnelsen av gjald det å løyse oppdrag og mysterium. Nokre av dei viktigaste kyrkjeskattane var forsvunne og vi



Ein fin liten gjeng var med på 5 års-klubb i Hornindal.

måtte løyse fleire rebusar for å finne dei igjen. Løysingane førte oss til døypefont, altertavle og nattverd. NATTVERD? Kva er det? Jesus Kristus sitt siste måltid på skjærtorsdag vert kalla nattverd, og på gudstenestene deler vi vin og brød til minne om han. Spesialagentane i Olden fekk ikkje berre lov å framføre drama om nattverd i gudstenesta, dei fekk til og med lov å vere med på sjølve nattverden. Dette var ein veldig spennande dag for 8 og 9-åringane

5 års-klubb

I løpet av året vert dei 5 år, dei som var på 5 års-klubb 2. januar. Det var ein fin liten gjeng som på barnehagens fridag fekk vere på klubb i Hornindal. Der fekk dei høyre om Sakkeus, og om Jesus som stiller stor-

men. (Dei fekk faktisk vere med å lage dei store bølgene, og vere med opp i båten til Jesus.) Dei fekk høyre om Jesus som vil vere venn med alle, og som hjelper oss når vi er redde.

Lys Vaken

Lys vaken med overnatting i kyrkja er etter kvart kjent for mange. Første lys vaken var i 2008 her i Indre Nordfjord. Denne gangen var det eit spesielt år, ettersom alle deltakarane fekk si eigen salmebok denne helga, i tillegg til at dei fekk Bibel. To viktige skatter lys vaken deltakarane frå Hornindal, Nedstryn, Oppstryn, Innvik og Utvik fekk ta med seg vidare i livet.

Karnevalsgudsteneste i Nordsida kyrkje

Av Beate Nes

Fastelavns søndag var det karnevalsgudsteneste i Nordsida kyrkje. Det vart ei gudsteneste med mykje song og glede. Nordsida Barnegospel tok del med fin song, og 5-åringane frå heile Indre Nordfjord var spesielt inviterte til å vere med på gudstenesta denne dagen. Dei fekk med seg heim ei utfordring om å vere ein superhelt som ville hjelpe andre. Temaet for gudstenesta var nestekjærleik. I skattekista fann vi både hanskar og førstehjelpsskrin, to ting som skulle minne oss om at vi må bruke hendene våre til å hjelpe andre. Bibelhistoria vi fekk høyre, var historia om den miskunnsame samaritanen. Karneval i



Tårnagentsamling i Olden kyrkje.



Bibel og salmebok fekk dei som var med på Lys Vaken.



gudsteneste har vi for å feire gleda, og alt det fine og rare Gud har skapt, men også for å ha eit fokus ut i verda, og spesielt på alle dei borna som ikkje har det like godt som vi og som treng at vi bryr oss.

Foto: Beate Nes

Frå karnevalsgudstenesta i Nordsida kyrkje.

Potetplukkedag i Hornindal

Av Mari Saltkjel

I haustferien blei barn frå Hornindal barnehage invitert til Potetplukkedag hos Jon Ytrehorn. Dei fekk lære om Moderpoteta og velje den sjølvplukka potetsorten som smaka best. Det vart tid for song og leirbålswok. Foto: Beate Nes.



Gud skapte lyset og livet og meg

Av Beate Nes

Dette er ein av dei nye salmane i salmeboka, og ein av dei songane eg håpar alle skal kunne etter nokre år med trusopplæring. I salmeboka står han berre på bokmål, men i den digitale utgåva er den nynorske teksten kommen med. Det er ein fin tekst om den treeinige Gud, og refrenget er så enkelt at alle kan lære det. Melodien finn du på nettet under

<http://tv.nrk.no/serie/salmeboka-minutt-for-minutt/dmls00001014/sesong-1/episode-10#t=1m49s>

Gud skapte lyset og livet og meg,
og himlen med stjerner og jorda med fjell.
Han vil meg det beste, han kjenner min veg
kvar natt og kvar morgon, kvar dag og kvar kveld.

Refreng:

Eg trur på Gud Fader, eg trur på Guds Son,
eg trur på Den Heilage Ande.

Så heilag, allmektig, så god i mot meg,
treeinige Gud, eg vil lovsyngje deg.

Kongen frå himlen blei født som min bror,
han trøysta dei svake, var ven med dei små.
Han lærte meg sanning, han gav meg sitt ord,
han vann over døden og er hos meg nå.

Refr:

Her er mi kyrkje, her høyrer eg med,
her møter eg andre som trur på Guds Son.
Den heilage ande gjev tryggleik og fred,
vi svarar med tillit og lovsong og bøn.

Refr:



Inge Asbjørn og Nils Jakob Haugen spela fint til julesongane.



Elin Ytrehorn leia her festen.

God stemning på julefest i Honndalen!

Mange hadde funne vegen til sjukeheimen den første laurdagen i januar.

God mat, god prat og god song av Honndalen Songlag. Solbjørg Gjengedal

snakka om innhaldet i jula, og at jula i eit nøtteskal er Jesus. Og sjølv sagt var det gang kring treet. Elin og Jon Ytrehorn leia festen på ein fin måte.

Spelemennene Inge Asbjørn Haugen og Nils Jakob Haugen spela fint til julesongane, medan vi gjekk kring treet.

Knut Gjengedal



Kyrkjeklokka

Bladet blir sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: www.kyrkjeklokka.no

Redaktør for dette nummeret er:
Olav R. Faleide,
post@kyrkjeklokka.no

Forretningsfører/abonnement/adresseendring:
John Selmer Skiftesvik,
6788 Olden, tlf. 99 02 80 76
john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenten er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider, telefon, epost

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor
Tlf. 57 87 41 23
Mobil 911 84 241
Sokneprest Harald Runde
Kontortid:
Tysdag, torsdag og fredag kl. 10-12
Privat 57 87 41 15
runde.harald@gmail.com

STRYN prestekontor
Tlf. 57 87 48 12
Mobil 948 32 875
Sokneprest Knut Gjengedal
knut.gjengedal@stryn.kommune.no

HORNINDAL prestekontor
Tlf. 57 87 98 33
Mobil 908 83 948
Sokneprest Mari Saltkjel
sokneprest@hornindal.kommune.no

KYRKJEVERJER
Stryn kommune
Børre Lian (vikar)
Tlf. 57 87 48 11
Mobil 913 27 882
borre.lian@stryn.kommune.no

Hornindal kommune
Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf. 57 87 98 34
Mobil 970 84 120
Måndag og torsdag 9-13
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no

Kyrkjeklokka Bladlag inviterer alle interesserte til Årsmøte tysdag 17. mars 2015 kl. 19:00 i Betania, Stryn. Etter Årsmøtet vil sokneråda i Stryn Prestegjeld ha eit felles møte før dei tre råda får høve til å ha separate møte kvar for seg.

Julekonsert i Hornindal kyrkje

Av Brynhild Lund Notøy

Etter at Kvivsvegen opna, innleia Hornindal Musikkorps og Austefjorden Hornmusikk eit samarbeid som har gjeve oss mange godbitar. No sist var det julekonserten i Austefjorden og i Hornindal.

Austefjorden Hornmusikk og Hornindal Musikklag hadde fått med seg Helga Botn og pianist Arnhild Vik på denne konserten. Det var eit forventningsfullt publikum som fylte Hornindal kyrkje 13. desember. Korpsa innleia med «Rocking Around the Christmas Tree» og «Christmas Swing». Dei to korpsa dirigert av Rolf Kobberstad fekk det verkeleg til å svinge. Dei heldt fram med «Stille Natt» og «En Sjerne Skinner i Natt» der Helga Botn var solist. Det var ei vakker og stemningsfull fram-føring av to julesongar som vi har vorte svært glade i.

Helga Botn og Arnhild Vik hadde to avdelingar i konserten. Det var vakre julemelodiar frå inn- og utland, og det var berre å lene seg tilbake og nyte. Arnhild Vik hadde ei fin tolking av Geirr Tveitt sitt musikkstykke «Velkomne Med Æra».

Det var interessant å høyre Helga Botn fortelje om slekta si som ho kunne rekkje tilbake til Hjellbakk og Otterdal. Med eitt følte vi at ho verkeleg høyrde heime her.

Dei to korpsa hadde fått med Hornindal songlag med dirigent Elena Doynova Kadlas. I si avdeling framførte dei «Glade jul», «Det lyser i stille grender» og «Have Yourself a Merry Little Christmas». Det er underleg korleis dei kjære julesongane kallar fram den gode julestemninga, og korleis nyare og friske takter krydrar det heile.

Den same opplevinga hadde vi i dei to andre avdelingane som korpsa hadde. I siste avdeling var det Ann-Helen Sørhaug som var dirigent. Korpsa avslutta med «Adeste Fideles» og «O, Helga Natt» der Helga Botn var solist. Ei fin avslutning på ein innhaldsrik julekonsert.

Etter fellesnummeret «Deilig er Jorden» kunne vi gå ut i desemberkvelden fylt av god julestemning, fylgde av Ove Røsbak sine ord om forventning til jula:

«Så kom da jul med lyset ditt, med lukta di, med håpet ditt, med tona og med sangen din og lat oss alle koma inn i underet som du vitne om, i unge sinn og himmelrom.»

Ti gode grunnar til å vera med i soknerådet

1. Du er med på å halda lokalkyrkja levande.
2. Du vert ein del av ein kristent fellesskap.
3. Du gjer ein viktig jobb for fellesskapen.
4. Du kan syte for eit trygt og godt fritidstilbod for born og unge.
5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja.
6. Du får eit styrka nettverk i lokalmiljøet ditt.
7. Du kan syta for at di kyrkje er ei open og inkluderande kyrkje.
8. Du pregar aktivitets- og kulturtilbodet i nærmiljøet ditt.
9. Du får nyttig styreerfaring som du kan bruke i andre samanhengar.
10. Du kan oppdage nye sider ved deg sjølv.

Ei undersøking blant soknerådsmedlemmer viser at eit stort fleirtal både trivst med og opplever det som meningsfylt å sitja i soknerådet. 85 % av rådsmedlemene synest vervet var meir tilfredsstillande enn forventa.

Helge Gudmundsens besøk er avlyst

Besøket til NRK-mannen Helge Gudmundsen 11. mars, omtalt i siste nr. av Kyrkjeklokka, må gå ut.

Gudmundsen, som skulle gjeste m.a. Stryn og Hornindal, har beklaga at han p.g.a. endring i arbeidssituasjonen no må

avstå frå oppdrag rundt om i landet og takkar for invitasjonen til Indre Nordfjord.

Lokale arrangørar beklagar avlysinga og sender sine beste helsingar til idéskaparen og leiaren av m.a. salmemaraton-suksessen i NRK TV før jul.

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2015:

I kriser er vatn kritisk

Klimaendringane fører til fleire og verre katastrofar, og truar menneska sin tilgang på reint vatn. I haust overlevde Muhammed og familien så vidt den dramatiske flaumen i Pakistan.

Det er dei fatigaste som vert hardest ramma av klimaendringane, anten det er i tyfon på Filip-pinane, tørke i Etiopia eller flaum i Pakistan.

Ein av dei som nyleg har fått merke det på kroppen, er Muhammed Irsdad. Han er gift og har 3 born, og bur i landsbyen Basti Riaz Abad i Pakistan. Ein morgon tidleg i oktober kom flaumen brått til landsbyen.

- Vatnet kom i stor fart frå kanalen, og eg måtte ta med familien og springe til ein tryggare stad. Vi sprang til næraste landeveg, som ligg litt høgare enn resten av landsbyen. Slik berga vi livet, fortel Muhammed.

Vart sjuk av vatnet

Familien vart buande på denne landevegen utan ly i over ein månad, ventande på hjelp. Då flaumen kom, hadde dei ikkje tid til å ta med korkje husdyr eller annan eigedom. Huset vart fullstendig øydelagt og husdyra drukna.

- Vi har aldri opplevd flaum i landsbyen før, det er noko heilt nytt, seier Muhammed.

Flaumen hadde store konsekvensar for Muhammed sin familie. Tidlegare jobba Muhammed som tryggleiksvakt og heile storfamilien var avhengige av inntekta hans. Etter flaumen måtte Muhammed



Muhammed Irshad (25) i landsbyen Basti Riaz Abad i Punjab, Pakistan, mista alt då flaumen kom. – Dette er den største katastrofen vi har opplevd, seier han. Foto: Fahim Farid/Kirkens Nødhjelp.



Muhammed Irshad og familien hans fikk livet endra totalt då flaumen ramma landsbyen. Huset vart fullstendig øydelagt, og den yngste dottera, Sadia (2), har vorte sjuk av det forureina vatnet. Foto: Fahim Farid/Kirkens Nødhjelp.

vere saman med familien og han miste difor jobben. I tillegg har flaumen gjort at drikkevandet er forureina.

- Dottera mi på to år er blitt sjuk av å drikke vatnet etter flaumen. Det var så vidt vi hadde råd til å betale for medisinerne ho



Muhammed Irshad framfor det som ein gong var inngangsdøra til huset. – Her kom flaumen frå, seier han og peikar. Foto: Fahim Farid/Kirkens Nødhjelp.



Av Mari Saltkjel

Tankar langs vegen ...



Saman om skatten

Læring er ein sentral del av det å vere kristen og det å vere kyrkje. No har vi i Indre Nordfjord starta ein ny fase trusopplæring for alle døypte mellom 0–18 år. Dette tilbudet kallar vi Saman om skatten og du vil få høyre stadig meir om dette.

GJENNOM TRUSOPPLÆRINGA vil vi legge til rette for at barn og unge skal kunne halde fast ved dåpen sin og utvikle sitt eige forhold til Gud, trua og den kyrkja dei er ein del av. Og for å kunne gjere dette må vi legge til rette for at barn og ungdom får samlast i kyrkja for å høyre bibelfortellingane, oppleve liturgien, be saman, leike saman og ete saman. Eg trur dette vil vere møter som vil gje barna som veks opp i Indre Nordfjord viktige ressursar gjennom heile livet – ressursar for alle slags dagar.

NÅR VI SNAKKAR OM LÆRING i denne trusopplæringa, snakkar vi ikkje om kunnskap som vi evaluerer slik mange barn og ungdomar kjenner det frå skulen. Vi verken vil eller kan gjere dette. Læring handlar om ein dynamisk prosess, der kunnskapen om Gud veks

fram i dei ulike møtene mellom vaksne og barn. Samtidig er det heilt nødvendig at vi gjev opp-veksande generasjonar muligheit til å få oppleve dei kristne skattane. Kyrkja vår si framtid



Kva er dine ressursar? Kan og vil du bidra? Ta gjerne kontakt med nokon på kyrkjekontoret eller i soknerådet der du bor.

er avhengig av at vi gjer dette. Kyrkja vår si framtid er avhengig av at vi gjer dette saman.

FOR MED MANGE FORSKJELLIGE SOKN og store geografiske avstandar er trusopplæringas framtid mykje opp til dei ulike sokneråda og kyrkjelydane i Indre Nordfjord. Vi er inne i ein fase der vi må tenke på korleis vi kan motivere til engasjement og deltaking, samt til å tenke langsiktig når denne planen no skal bli virkeligheit.

PÅ KYRKJEKONTORA har vi no laga ein ressursbank med ulike tiltak som vi

veit vil vekkje og styrke kristen tru, gje kjennskap til den treeinige Gud samt bidra til kristen livstolkning og livsmeistring. Denne våren vil eg utfordre sokneråda lokalt til å fundere på korleis skattane kan delast best ut i fra muligheitane og begrensningane som bare de kjenner best.

OG SÅ VIL EG BE alle vaksne og unge i Indre Nordfjord om å gje seg sjølv ein sjanse: Kva er dine ressursar? Kan og vil du bidra? Ta gjerne kontakt med nokon på kyrkjekontoret eller i soknerådet der du bor.

Tenk at eit lite barn kan få erfare Guds kjærleik og omsorg. Tenk å kunne ha nokre ord som gjev mening og trøyst når ein ikkje har eigne. Tenk å få oppleve at det var nokon der ute som ville og drøymde om at nettopp eg skulle vere eg. Tenk å bli møtt med forventning og få eit stort ansvar for heile skaparverket.

DETTE SKAL VI GJERE. Vi skal gjere det på ein god måte. Vi skal få gjere det saman.

treng for å overleve, fortel han alvorleg mens kona held dottera tett inntil seg.

Kirkens Nødhjelp sin partner Sunghi var ein av dei første organisasjonane som kom til Basti Riaz Abad. Dei skal gje Muhammed og landsbyen nye handpumper, latriner, hygieneutstyr og sikre at landsbyen på nytt får trygt vatn.

Du kan hjelpe

I kriser er vatn kritisk. Difor er vatn noko av det aller første Kirkens Nødhjelp stiller med i katastrofar. Dei syter for reint vatn og høve til gode sanitærforhold der alt er øydelagt. Samstundes jobbar dei saman med folk i ut-

sette område for å førebyggje den neste naturkatastrofen. Kirkens Nødhjelp jobbar i tillegg med å påverke politikarar og andre som styrer og tek avgjerder, til å stanse klimaendringane.

Kirkens Nødhjelp treng di hjelp for å hjelpe. 22.–24. mars går Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2015 av stabelen. Dette er kyrkjelydane sin eigen aksjon. Ditt bidrag gjer det mogleg for Kirkens Nødhjelp å vere der med reint vatn når katastrofen rammar. Difor håpar vi du vil støtte fasteaksjonen 2015 i indre Nordfjord, anten ved å stille som bøssebærar eller med pengar i bøssa. Vi oppmodar deg også til å bruke stemma di

i fasteaksjonens klimakampanje og slik bidra til å stoppe klimakrisa. Og hugs å ha kontantane klar når konfirmentane og resten av korpset kjem til di dør!

Den enklaste måten å støtte oss på er å sende ein SMS med kodeordet GAVE til 2468. Då gjev du 200 kroner til aksjonen. Du kan også gje ditt bidrag med å sette inn den summen du ønskjer på kontonummer 1594.22.87493.

**FASTEAKSJONEN 2015
22.–24. MARS**

Roadservice 2014/15

Filipparane 4.13:

«Alt makter eg i han
som gjer meg sterk!»

Roadservice heiter ei gruppe som er sendt ut av Skjærgårdsgospel, Grenland FHS og Kompis (Acta- Barn og unge i Normisjon). Dei er både musikarar og førelesarar, og formidlar og leverer konsertar og undervisning som er skreddarsydde for konfirmantar. Dei reiser rundt i Norge og besøker konfirmant- og ungdomsgrupper etter ein oppsett plan. Den 10. februar var dei i Stryn og skapte god stemning i ungdomsgjengen, og det vart ein fin kveld for dei nesten 100 konfirmantane våre.

Programmet deira inneheld eit tre-timars opplegg med trusopplæring og konsert i ein musikkstil konfirmantane kjenner seg igjen i, samstundes som dei formidlar



Frå venstre: Kristine Johnsen, Marie Othilie Georgsen, Richard Fossland, Vegard Flottorp, Kristoffer Åmland, Mats Åmland og Simon Paus Sangolt.

ein budskap gjennom songtekstane og konserten som heilskap.

Eitt tema er Den Heilage Ande, og dei brukar den tredje trusartikkelen som utgangspunkt for undervisningstimen med fokus på fellesskap, tilgjeving og håp. Eit anna emne som heng saman med dette, er

knytt opp til det diakonale aspektet der diakonien er ei teneste for medmenneske, skaparverket og Gud. Nestekjærleik og kamp for rettferd er og sentrale aspekt i trusopplæringa. Og er det noko som er aktuelt i våre dagar, så er det nettopp dette.



Randabygd kyrkje, utfordringar i høve 100 år i 2016

Av Reidar Sørland

Kyrkjelyden i Rand/Hopland ynskjer at kyrkja skal stå fram i god stand og funksjonell det året kyrkja er 100 år. Soknerådet hadde gjennomgang i 2009 for kva som burde gjerast og kom fram til fylgjande:

- A. Sletta gravsteinar nedanfor kyrkja måtte takast bort og freda skulle setjast opp langs den austre steingarden – dette for å gje plass til nye kistegraver.
- B. Glaskarmane innvendig og kyrkja måtte målast.
- C. Kyrkja måtte sikrast universell utforming/tilkomst.

Arbeidet i under punkt A blei fullført i 2013, vesentleg på dugnad. Målingsarbeidet under B blei finansiert av fellesrådet, men dugnad var naudsynt for å berge det utvendige målingsarbeidet innanfor budsjettet.

Den store utfordringa vart sjølvsaugt planlegginga, samarbeidet med bispedømet, finansiering og utføring av arbeidet under punkt C. Vi starta med å la Aaland arkitekt-kontor A/S utarbeide eit planforslag som



Bak trappa ser ein resten av vegen.



Første del av vegen opp til våpenhuset.



Her ser ein begge dei nye dørene.

vart budsjettert til 370.000 utan m.v.a. Fellesrådet og Stryn kommune støtta denne planen og løyvde pengane. Omarbeiding av toaletta låg innanfor desse planane.

Kyrkjegarden her ute er truleg den brattaste i landet og er ei skikkeleg utfordring når ein skal kome til med rullestol til kyrkja. Skal ein kome seg opp trappa med rullestol, må ein berast og det er ei sterk oppleving for den som sit i rullestolen. Å kome seg inn i kyrkja med rullestol gjennom sakristiet er mest like vanskeleg. Trong gang og tre dører tett ved kvarandre fører til at ein må bere der også – ei skikkelig utfordring for den i stolen og for dei som ber. Den første planen viste seg å ha fleire svake sider som kom fram etter kvart som vi nærma oss starten av arbeidet. «Veien blir til mens du går» blei etter kvart gjeldande på godt og vondt. Rolf Rand hadde hatt ein ide for fleire år sidan om å gå inn ovanfrå i våpenhuset, og den blei teken inn i prosjektering av ny veg for rullestol ovanfor trappa.

Ny dør ovanfor i våpenhuset blei laga og den eine trappa opp til galleriet blei teken vekk. Vi prøvde å få dei to store utvendige dørene så like som mogeleg og det blei lagt vinn på at våpenhuset innvendig stod i stil med resten av kyrkjerommet.

Det som no står att er veg opp nedanfor kyrkjegardsmuren med rett halling og som svingar inn på kyrkjegarden og opp mot

trappa. Vegen skal byggjast i gråstein, så lik den gamle muren som råd er, og med rekkverk i smijern som kling saman med rekkverket på trappa. Dette arbeidet blir truleg ferdig til våren.



Den gamle døra innvendig.



Den nye døra innvendig.

God stemning på Ungdomshelg i Olden og Stryn



I Solvang var konkurranseinstinktet stort under «Vinn på Minute».

Av Ingebjørg Hauge

16.–18. januar arrangerte kyrkja eit spennande tilbod for ungdommar i Olden og Stryn. Espen Berge, tidlegare Eittåring i området, og Ole Andre Åbrekk frå Olden tok med seg 3 andre studentar og arrangerte ei innhaldsrik og gratis helg på bedehus og i kyrkjer i Olden og Stryn.

Den første kvelden var det aktivitetar i Solvang. Det kom ein god gjeng ungdommar, og det var høgt aktivitetsnivå med Vinn på minuttet, spel, «svenskegjømsel» og mykje prat og moro. Utpå kvelden gjekk alle opp til kyrkja der det var Ung Messe med andakt, song og bønnevandring. Laurdagen var det Stryn sin tur, med KRIK-samling i gymsalen på ungdomsskulen. Her fekk både dei tilreisande og ungdommane kjenne på høg puls og syre i musklane! Om kvelden var det samling i Betania med taco, Beat for beat og nytt møte med bønnevandring. Søndag føremiddag var teamet og ein del konfirmentar med på gudsteneste i Loen kyrkje.

Espen Berge fortel at mange spør om studentane får betalt for å arrangera ei slik helg:

- Vi gjer dette frivillig, fordi vi ønskjer å bidra positivt inn i ungdomsmiljøet. Vi ønskjer å gi ungdommane ei kjekk helg med mykje godt sosialt og eit kristent fellesskap. Vi er takksame for den velviljen vi har møtt og støtta vi har fått overalt. Kyrkja har gitt oss frie tøyler, lokale krefter har sytt for mat og tilbode overnatting, og Normisjon har stilt lokala sine fritt til disposisjon. Vi har invitert til liknande arrangement tidlegare år og kjenner at det er kjekt å kome tilbake og møte gode venner. Vi ønskjer sjølvsagt å gjere dette igjen i framtida, og då håpar vi at endå fleire ungdommar vil bli med!



God stemning på Vinnarlaget frå «Vinn på Minute».



Laurdagskvelden var det «Beat for Beat» med høg allsongfaktor.

Oddny under open himmel

Gud velsigne det nye året!

Eg stod der i kapellet. Eg kjende meg liten der eg stod. Eg hadde lovt å leie ei minnestund "Eg lyfter mine auge til fjella. Kvar kjem mi hjelp ifrå?" Det var ikkje dette ordet eg las denne gongen. Eit anna avsnitt hadde stege fram. "Alt har si tid", stod der som overskrift. "Alt har si faste tid, alt som hender under himmelen har si tid: ei tid til å fødest, ei til å døy." Eit langt avsnitt om tider og gjeremål i livet vart lese.

Eit langt liv hadde ebba ut. Ei sølvsnor hadde slitna. Forkynnaren bruker dette fine bildet om døden.

Nokre dagar seinare stod eg ved stoveglaset heime, og eg såg mot himmelen. Det var midnatt. Rakettar lyste opp. Nye skot og nye lysblink kom. Etter nokre sekund

var det over, men nye skot var i kjømda. Slik avsluttar mange året, eller startar det nye. Eg var berre tilskodar.

Tidlegare på kvelden hadde eg hatt god tid til ettertanke og oppsummering av det siste året. Kvar står eg? Kva gav eller tok året? Ei kjensle av velsigning var resultatet, men det hadde ikkje berre vore lyse opplevingar. Fleire sorger hadde møtt meg, men det gode hadde overvekt.

Takk Gud!

Ein tanke på dei som har det vondt i verda, stansa meg også. Vald, krig, smerte, epidemiar, svolt, på flukt, forfølgning og avkristning var ord som passerte.

Eg følte eg stod på eit nullpunkt. Noko var over, og vegen skulle gå vidare. Ønsket



kom fram:
Gud velsign
det nye året! Må
det bli fred der krig
herjar! Må det bli nok mat der dei svelte!
o.s.v.

Eit par dagar etter var det gravferd. Presten las frå Hosea frå det sjette kapittel. "Lat oss lære å kjenne Herren, ja, jage etter å kjenne han" Dette ordet tok eg til meg, og det vart også eit ønske for det nye året. Lat oss gå inn for å bli kjende med Han. Gud er trufast til evig tid. Han vil også at vi skal vere trufaste.

Herre du har gjeve meg så mykje.

Gjev meg ein ting til:

Eit takknemleg hjarte!

Øystein Frivold på Holmely 11.-14. juni

Av Eva S. Langseth /
Redaksjonen

Då blir det arrangert *Keltisk Retreat* med besøk på Selja ved Øystein Frivold og Brit Lundby Hilde. Nyfikna i redaksjonen i *Kyrkjeklokka* er som kjent stor, og då vi forstod at *Keltisk Retreat* var eit område av livet vi kunne lite om, måtte vi hente inn meir kunnskap som vi gjerne deler med lesarane våre. For å skissere det kort; med å nytte meditasjonsøvingar og enkle rørsler under rettleiing, kan det hjelpe oss til å bli stille og opne oss for Gud og få auge på det vakre og store i oss sjølve. På livsområde der vi gjerne utviklar negative åtferdsmønstre for å skjerme oss, kan det bli vanskeleg å vere nærverande og finne kvile i Gud. Vi kan lære å ta imot Guds kjærleik utan vilkår og få betre kontakt med vår sanne identitet, og det er eit godt utgangspunkt for endring.

Søndag den 14. juni vil Øystein Frivold halde ein «minikonserert» på Fjordly, ein hyggjeleg kveld med den



Øystein Frivold.

tidligare presten i Svelgen og Hornindal. Han har tonesett dikt som har blitt til vakre salmar og songar.

Av anna program på Holmely utover våren nemner vi:

20.-22. mars: Temahelg «Kunsten å leve i Guds rike» ved Roy S. Johansen

24.-26. april: Sjelesorgkurs «Ta vare på deg sjølv og andre» - «Trushistorie, Gudsilde og identitet» ved Fermate Sunnmøre.

For meir informasjon kan du gå inn på nettsidene

www.holmely.no

OMRÅDESTEMNE og ÅRSMØTE

for NMS-Nordfjord og
NMS Gjenbruk Nordfjord
søndag 26. april 2015
i Sandane kyrkje

11.00: Misjonsgudsteneste v/Øyvind Meling og Asbjørn Gjengedal

12.30: Middag

14.00: Årsmøte for NMS-Nordfjord og NMS Gjenbruk Nordfjord

16.00: Misjonsfest
Festtale v/Øyvind Meling

Påmelding til middag
Elin Ytrehorn: 57879497/48119282

Innan onsdag 22. april



Salmen min

Som du takka din utfordrar, får eg takke deg, Lene Hopland Bergset, for utfordringa om å skrive om salmen min. Eg tek utfordringa, men lyge kan eg jo ikkje...

Spesielt i dette forumet høver det seg ikkje. Så kva skal eg skrive om i denne tildeelte spalteplassen når eg sit i den situasjonen at eg ikkje har noko eg kan kalle «salmen min»?

Eg har tenkt mykje på noko eg snakka med Henny Koppen om ein gong. Vi snakka om musikk og korleis vi introduserer den for born. På kva tidspunkt og i kva alder får borna møte musikk og oppleve musikkglede? Musikk er eit sjølvstendig innslag i born sin oppvekst i barnehage og skule, samt i dei fleste heimar der det blir både sunge og lytta til musikk. No for tida er det plata til han «Arne på Bøna» som blir spela i bilen min. Den cd-en har gjort det lettare å få ungane inn i bilen om morgonen. Så musikk kan vere til god hjelp på mange måtar. Men det Henny og eg snakka om, var musikk utover dei nemnde arenaene. Kva tid får borna tilbod om å vere med på konsertar? Eg trur det skjer mange felles musikalske opplevingar på tvers av generasjonar både på konsertar og på festivalar. Og det slår eg eit slag for, fyrst og fremst fordi det skapar gode minne som ein ber med seg gjennom livet.

Eg har eit slikt minne eg tenkte å dele med lesarane. Minnet handlar om éin salme og ganske mange tjukkeoberstar (tjukke sveler). Eg var ca. åtte år og var med familien min til Førde på besøk til tante Oddny. Ho tante song i kor i mange år, og denne tilstellinga som eg hugsar så godt, kan ha vore ein basar. Eg hugsar ikkje om der var lodd-sal, men eg hugsar at der var tjukkeoberstar med rømme og jordbærsylte, og eg hugsar at der var korsong. Salmen eg hugsar var



Lillian Rebni Heimlid

«Deg vere ære». Kvar gong eg syng den salmen forventar eg at songen skal vere like sterk og mektig som den gongen i Førde. Og ofte blir det ein mektig song til denne salmen. Kanskje den mektige songen er eit resultat av repetisjon, eller kanskje eit resultat av den sterke budskapet. Eller kanskje det rett og slett kjem av det å dele ein musikalsk augneblink i samsong og fellesskap. (Om Henny Koppen kunne ha kome med innspel, ville ho kanskje nemnt at salmen opphavleg var med fransk tekst og at den er oversett til mange språk. Den blei oversett til norsk i 1947 av Arne Fjelberg og melodien er av Händel.)

Då passsar det å takke mamma og pappa for at eg fekk vere med på denne tilstellinga i Førde. Eg var jo ikkje så gamal, og der var sikkert ei andakt eg verken lytta til eller konsentrerte meg om. Men eit godt minne frå denne dagen ber eg med meg. Eg er sikker på at eg kjem til å dele mange musikalske opplevingar med både eldre og yngre menneske i mange år framover. Kanskje det då vert skapt nye musikalske minne for både liten og stor. Og om eg nokon gong blir spurt om kva min påskesalme er, svarar eg definitivt «Deg være ære».

God påske!

Eg utfordrar vidare Sight Sing-kongen Odd Magne Nygård til å dele sin salme i neste nummer av Kyrkjeklokka.

*Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.
Lyset fyller haven,
se, en engel kom,
åpnet den stengte graven,
Jesu grav er tom!*

*Refr.:
Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.*

*Se, Herren lever!
Salig morgenstund!
Mørkets makter bever.
Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger:
Frelseren er her!
Pris ham, alle tunger,
Kristus Herre er!*

*Frykt ikke mere!
Evig er han med.
Troens øye ser det:
Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære,
seier er hans vei,
evig skal han regjere,
aldri frykter jeg.*

Opprinneleg fransk tekst av sveitsaren Edmond Louis Budry, 1885. Til norsk ved Arne Fjelberg, 1947. Melodien i salmen kjem frå «See, the Conqu'ring hero comes» i Händels oratorium Judas Maccabaeus.

Kva gjer soknerådet?

Soknerådet leier verksemda i kyrkjelyden der du bur. Som soknerådsmedlem kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i di kyrkje. Arbeidet i kyrkjelyden spenner over mange tema – mellom anna det juridiske og forvaltninga av økonomien.

Her er nokre døme på ansvarsområda til soknerådet:

- Trusopplæring blant døypte mellom 0–18 år.
- Diakonal teneste (omsorgstenesta i kyrkja).
- Gudstenester og kyrkjemusikk.
- Ofringar og økonomiske disposisjonar.
- Utleige av kyrkja.
- Uttalar seg ved tilsetjing av prest, prost og biskop.
- Samarbeid med andre frivillige

organisasjonar.

- Langsiktig planlegging av arbeidet i kyrkjelyden.
- Røystar ved bispedømerådet/Kyrkjemøtet
- Soknerådet har ein eller to representantar i kyrkjeleg fellesråd som tek seg av dei administrative og økonomiske oppgåvene på vegner av sokna, og dei opprettar og legg ned stillingar.

Kyrkja sin plass i lokalsamfunnet

Av Brynhild Lund Notøy

I intervju med ordførar i Hornindal, Anne Britt Øen Nygård, og ordførar i Stryn, Sven Flo, har dei kome med sine synspunkt på kyrkja sin plass i lokalsamfunnet.

Kva set de pris på i kyrkja sitt arbeid?

Begge ordførarane peikar på at kyrkja er ein viktige institusjonen i lokalsamfunnet. Det store fleirtalet av innbyggjarane nyttar seg av kyrkja sine tenester. Kyrkja er med å markere viktige hendingar i livet i både glede og sorg. Vi ser at i krisesituasjonar er kyrkja si støtte og omsorg viktig både for kyrkja sine medlemar og andre. Det er godt å oppleve at kyrkja femner vidt. Men det er ikkje berre ved store hendingar som t.d. dåp og konfirmasjon kyrkja er viktig. Dei fleste vil oppleve at periodar i livet kan vere vanskelege, og då er det alltid ei opa dør på kyrkjekontoret. Anne Britt Øen Nygård legg vekt på den gode og profesjonelle måten ein vert mottekne på ved kyrkjekontoret. Det senkar terskelen for å ta kontakt når behovet er der.

Sven Flo set stor pris på den aktiviteten kyrkjelydane viser. Det skapar engasjement og eit aktivt miljø. Han tolkar det slik at kyrkjelydane er glade i kyrkja si.

Både Sven Flo og Anne Britt Øen Nygård kjem med rosande ord av kyrkjelydane for den omsut dei har for kyrkjebygga sine. Det er ikkje alltid dei kommunale midlane strekk til, og då vert det organisert både dugnad og pengeinnsamling for å bøte på det. Dette er ei uvurderleg hjelp, for kyrkjebygga er flotte kulturbygg som må takast vare på for komande generasjonar. Sven Flo peikar på den utfordringa dei har i Stryn med mange kyrkjer. Han har eit sterkt ønske om å oppretthalde den desentraliserte strukturen. At kyrkja sine folk møter i politiske fora for å orientere om situasjonen er svært nyttig. Samarbeidet mellom kyrkja og kommunen i høve til ungdom er òg viktig.

Kyrkja formidlar gode verdjar til både born og vaksne, verdjar som er tufta på det kristne fundamentet. Ordførarane seier dei ikkje er dei flittigaste kyrkjegjengarane, men dei understrekar at dei kjenner ei spesiell ro når dei er i kyrkja. Det er ein sterk kontrast til den hektiske kvardagen, og det gjer godt både for kropp og sjel. Sven Flo



Ordførar i Hornindal, Anne Britt Øen Nygård. (Foto: Harald Vartdal/Fjordingen)



Ordførar i Stryn, Sven Flo. (Foto: Erlend Blaalid Oldeide/NRK S&Fj)

ser på kyrkja som ein viktig samfunnsaktør, og Anne Britt Øen Nygård viser til at det er mykje godt som står i Bibelen og som kan vere med å skape eit godt samfunn.

Kva bør det leggst vekt på i kyrkja?

Ordførarane understrekar det ansvaret den enkelte har no når vi ikkje har ei statskyrkje. Sven Flo er oppteken av at vi ikkje må verte historielause i høve til dei verdiane kyrkja formidlar. Han er bekymra for den nøytraliseringa han registrerer, som t.d. dei diskusjonane som går om symbolbruk i det offentlege rom. I samfunnet vårt er mykje tufta på dei kristne verdiane, og det skal vi vere stolte av. Det er ein historisk arv vi må ta vare på, og som skal hjelp oss så vi ikkje vert likegyldige.

Begge ordførarane legg vekt på kor viktig det er at kyrkja involverer born og ungdom i arbeidet sitt. På den måten vil dei få eit forhold til bodskapen og dei vert kjende med kyrkjebygga våre. Her er "Lys vaken" og konfirmantførebuing m.m. viktige innslag. Anne Britt Øen Nygård peikar på at kyrkjene ofte er gode konsertlokale. Song og musikk høyrer heime i kyrkja, og det kan godt vere meir av det i gudstenesta.

Samfunnet vårt er i stadig endring, og det er viktig at kyrkja fornyar seg. Tema-gudstenester og samtalegudstenester kan vere med på å gje gudstenestene ein ny dimensjon. Kanskje må kyrkja vere meir bevisst på kva tidspunkt som er best ved planlegging av gudstenester.

Ei kyrkje i endring skapar debatt. Sven Flo tykkjer det er trist at kyrkja ikkje har gjort seg ferdig med homofilidebatten. Alle som ønskjer ei tilknytning til kyrkja må verte tekne i mot som likeverdige menneske.

Kva funksjon bør Kyrkjeklokka ha?

Kyrkjeklokka er eit blad vi les, og det går ikkje i søpla. Bladet er lett handterleg,

oversikteleg og lettlest. Innlegga må ikkje verte for lange. "Kyrkjeklokka har ei flott førsteside!" seier Anne Britt Øen Nygård, "måten namnet er skrive på må ikkje endrast". Begge er samde om at Kyrkjeklokka formidlar informasjon som vi ikkje finn andre stader. Samstundes får vi innblikk i det som rører seg i den enkelte kyrkjelyd. At det vert teke med dikt og små sitat er med på å gjere bladet tiltalande og ledig.

Sven Flo legg vekt på at Kyrkjeklokka har ei formidlarrolle. Ho skal ta temperaturen innanfor sitt område og det vert teke opp tema knytte til lokalsamfunna. Kyrkjeklokka må ta opp emne om kyrkja si organisering og kva funksjon dei enkelte rådsorgana har. Ordførarane trur det er mange som ikkje har heilt oversikt over kyrkja si organisering og korleis valordningane fungerer. Dette er døme på at Kyrkjeklokka kan vere ein viktig informasjonskanal.


Begge har inntrykk av at Kyrkjeklokka er eit blad som er viktig for folket i Indre Nordfjord.

Velkommen som bidragsytar til Kyrkjeklokka

Dette kyrkjebladet skal mellom anna spegle det som skjer i og rundt kyrkjelydane i Stryn og Hornindal kommunar, men også gjerne bringe litt impulsar og informasjon utanfrå. Derfor ønskjer vi meir stoff frå lesarane våre, og alle står fritt til å bidra med det dei ønskjer, til dømes:

- Gode idear til vitalisering av kyrkjelydane.
- Refleksjonar rundt eit aktuelt tema som vedkjem kyrkje og kristenliv.
- Opplevingar frå inn- og utland, som eit minne frå ei anna kyrkje eller ei pilegrimsferd.
- Ettertankar kring ei spesiell hending, gjerne lokalhistorisk.
- Eit kåseri over eit relevant emne.

Beste helsing redaksjonen



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje er du velkomen i nabokyrkja

15. mars; 4. s i fastetida – Joh 3, 11-16

-Oppstryn 11:00 Familiegudsteneste.
Ved Knut Gjengedal. Utdeling av 4 årsbok
-Olden 11:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde
-Nedstryn 18:00 Kveldsmesse.
Ved Knut Gjengedal. Samtalegjest

19. mars; Torsdag

-Nedstryn 19:00 Gudsteneste med
førestilling om Marias påske

22. mars; Maria bodskapsdag – Luk 1, 46-55

-Innvik 11:00 Misjonsgudsteneste.
Ved Harald Runde og Janet Rudolph.
Utdeling av 6 årsbok
-Randabygd 11:00 Gudsteneste.
Ved Mari Saltkjel. Kyrkjehelg.

27. mars; Fredag

Loen 12:30 Påsegudsteneste for skule
og barnehage. Ved Knut Gjengedal.
Alle som vil er velkomne.

29. mars; Palmesundag – Matt 26, 6-13

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal
-Utvik 11:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde og Beate Nes.
Utdeling av 6 årsbok
-Hornindal 11:00 Gudsteneste.
Ved Mari Saltkjel
-Ljosheim 20:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde

2. april; Skjærtorsdag – Luk 22, 14-23

-Innvik 11:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde
-Bøasetra, Stryn 12:00 Friluftsguds-
teneste. Ved Knut Gjengedal
-Bruasetra, Hornindal 12:00
Friluftsgudsteneste. Ved Jon Ytrehorn
-Oppstryn 20:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal

-Nordsida 20:00 Gudsteneste. Ved Mari
Saltkjel. Kveldsmat etter gudstenesta

3. april; Langfredag – Matt 26, 30-27,50

-Nedstryn 11:00 Pasjonsgudsteneste.
Ved Knut Gjengedal

-Hornindal 20:00 Pasjonsgudsteneste.
Ved Mari Saltkjel
-Olden 20:00 Pasjonsgudsteneste.
Ved prost Rolf Schanke Eikum

5. april; Påskedag – Matt 28, 1-10

-Nedstryn 09:00 Høgtidsgudsteneste.
Ved Knut Gjengedal
-Loen 11:00 Høgtidsgudsteneste.
Ved Knut Gjengedal
-Olden 11:00 Høgtidsgudsteneste.
Ved Harald Runde
-Hornindal 11:00 Høgtidsgudsteneste.
Ved Mari Saltkjel
-Oppstryn 14:00 Høgtidsgudsteneste.
Ved Knut Gjengedal
-Randabygd 14:00 Høgtidsgudsteneste.
Ved Mari Saltkjel
-Utvik 20:00 Høgtidsgudsteneste.
Ved Harald Runde

6. april; 2. påskedag – Luk 24, 36-45

-Innvik 11:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde
-Nordsida 11:00 Gudsteneste.
Ved Mari Saltkjel

12. april; 2. s i påsketida – Joh 21, 15-19

-Nedstryn 11:00 Speidargudsteneste.
Ved Sigurd Vengen

19. april; 3. s i påsketida – Joh 10, 1-10

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste.
Knut Gjengedal. Tale ved regionsleiar
i Nordmisjon, Jan Magne Moi
-Olden 11:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde
-Randabygd 11:00 Gudsteneste.
Ved Mari Saltkjel
23. april; Torsdag
-Olden 19:00 Samtalegudsteneste

24. april; Fredag

-Oppstryn 19:00 Samtalegudsteneste.
Ved Knut Gjengedal

26. april; 4. s i påsketida – Joh 13, 30-35

-Innvik 11:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde
-Hornindal 11:00 Samtalegudsteneste.
Ved Mari Saltkjel

3. mai; 5. s i påsketida – Luk 13, 18-21

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal
-Utvik 11:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde
-Nordsida 11:00 Gudsteneste.
Ved Mari Saltkjel
-Randabygd 14:00 Gudsteneste.
Ved Mari Saltkjel
-Loen 18:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal

10. mai; 6. s i påsketida – Matt 7, 7-12

-Oppstryn 11:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal
-Olden 16:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal

14. mai; Kristi himmelfartsdag – Luk 24, 46-53

-Nedstryn 10:00 Konfirmasjon I.
Ved Knut Gjengedal
-Nedstryn 12:30 Konfirmasjon II.
Ved Knut Gjengedal
-Innvik 11:00 Konfirmasjon.
Ved Harald Runde og Beate Nes
-Nordsida 11:00 Konfirmasjon.
Ved Mari Saltkjel

17. mai; Grunnlovsdag / Søndag før pinse – Joh 3, 16-21 Matt 22, 17-22

-Nedstryn 09:30 Festgudsteneste.
Ved Knut Gjengedal
-Nordsida 10:30 Festgudsteneste.
-Oppstryn 11:00 Festgudsteneste.
Ved Knut Gjengedal
-Olden 11:00 Festgudsteneste.
Ved lek gudstenesteleiar
-Innvik 11:30 Festgudsteneste.
Ved Harald Runde
-Randabygd 12:00 Festgudsteneste.
-Hornindal 12:00 Festgudsteneste.
Ved Mari Saltkjel
-Loen 13:00 Festgudsteneste.
Ved Knut Gjengedal
-Utvik 13:00 Festgudsteneste.
Ved Harald Runde

24. mai; Pinsedag – Joh 14, 15-21

-Loen 10:00 Konfirmasjon.
Ved Knut Gjengedal
-Olden 11:00 Konfirmasjon.
Ved Harald Runde og Beate Nes



Slekt
skal følgje
slekters
gang



Utvik
Døpte:
19/12-14 Anders Berge, f. 1921
19/12-14 Solveig Sørland, f. 1927

Innvik
Døpte:
30/11-14 Leander Sunde Engesæt.,
Foreldre: Kjetil Engesæt og Susann Sunde Engesæt.

Døde:
26/10-14 Borgny Gudrun Drageset, f. 1937.
31/01-5 Asbjørn Hilde, f. 1937
02/02-15 Eili Heggdal, f. 1926.

Olden
Døpte:
26/10-14 Olina Mykløen Sunde,
Foreldre: Andreas Sunde og Anne Mykløen Sunde.
(Døpt i Loen)
16/11-14 Sophie Madelen Høgalmen,
Foreldre: Stig Erik Høgalmen og Kathrine Høgalmen.
30/11-14 Agnes Samuline Kvarne Gulliksson,
Foreldre: Robin Emil Gulliksson og Ingvild Kvarne.

Døde:
02/08-14 Kåre Hafsås, f. 1928.
11/08-14 Haldis Signy Auflem, f. 1927.
19/10-14 Jorunn Kjellaug Kristiansen, f 1921
10/12-14 Lukas Sunde, f. 1988.
09/01-15 Jon Andreas Skarstein, f. 1926.
02/02-15 Reidar Aabrek, f. 1924.

Hornindal
Døpte:
23/11 Tomine Hunvik Holmøyvik.
Foreldre: Veronica Hunvik Holmøyvik
og Torgeir Holmøyvik

16/11 Elea Saure Magnussen.
Foreldre: Trude Iren Saure og Peder Magnussen.
Døpt i Bjørke kyrkje
25/12 Jonas Eliah Erdal.
Foreldre: Christine Kobberstad Erdal og Ivar Erdal
8/2 Aron Livander Orheim Heggen.
Foreldre: Kristine Sofie Orheim Hansen og Gisle André
Heggen. Døpt i Stårheim kyrkje.

Vigde:
20/1 Cahtrine Rosos Tablate og Pål Reidar Espe

Døde:
16/11 Solveig Elisa Grodås, f. 1928
25/12 Solveig Birgit Lødøen, f. 1924
30/12 Elling Seljeset, f. 1928
26/1 Knut Alfred R. Grodås, f. 1927

Nordsida:
Døde:
24/1 Bernhard Jevnlid, f. 1943
10/2 Hans Støyva, f. 1934

Randabygd:
Døde:
17/12 Ola Andreas Hopland, f. 1918
5/2 Rolf Rand, f. 1936

Oppstryn
Døpte:
16/11 Martinus Berstad-Sanden.
Foreldre: Marie Berstad og Endre Sanden

Døde:
28/11 Petra Edith Berge, f. 1924
1/1 Kristine Hjelle, f. 1922
18/1 Sverre Dårflot, f. 1923
22/1 Reidar Lindvik, f. 1913

Nedstryn
Døpte:
2/11 Matheo Sepulveda Hovelsen.
Foreldre: Susanna Sepulveda Hovelsen og Hans
Hovelsen
16/11 Lilly Bjørke-Nilsen.
Foreldre: Monika Bjørke Nilsen og Sindre Nilsen.
Døpt i Bjørke kyrkje
30/1 Ella Nygård Sandal.
Foreldre: Terese Vik Nygård og Stian Sandal
14/12 Ole-Andreas Aaland-Skarstein.
Foreldre: Ellen-Diana og Lars-Erik Aaland-Skarstein
1/1 Ina Muri Hopland.
Foreldre: Ingvild Muri og Alexander Hopland
11/1 Kevin Sunde Søvik.
Foreldre: Camilla Sunde og Ole Johan Søvik
25/1 Ava Berstad Hjellbakk.
Foreldre: Siv Randi Berstad og Knut Henning Hjellbakk
25/1 Mille Roksvåg Leirgulen.
Foreldre: Malin Roksvåg og Trond Leirgulen
8/2 Tiril Sunde Myrøld.
Foreldre: Ina Eirin Sunde og Asle Myrøld.
Døpt i Stårheim kyrkje

Døde:
21/10 Arne Robert Vinsrygg, f. 1936
24/10 Olav Brendsdal, f. 1931
13/12 Aud Marit Gjørven, f. 1944
26/12 Hans R. Bøe, f. 1918
3/1 Eivind Kjell Nedreberg, f. 1952
16/1 Arne Birger Sunde, f. 1930

Loen
Døpte:
26/10 Ole Jacob Myren.
Foreldre: Stine Larsen og Bård Olav Myren
26/10 Olina Mykløen Sunde.
Foreldre: Anne Mykløen Sunde og Andreas Sunde
18/1 Liam Tansøy Sebakk.
Foreldre: Dina Marie Tansøy Eide og Sondre Sebakk
Nilsen
8/2 Sigrid Myklebust Nesdal.
Foreldre: Cecilie Myklebust og Geir Espen Nesdal

-Hornindal 11:00 Konfirmasjon.
Ved Mari Saltkjel
-Oppstryn 12:30 Konfirmasjon.
Ved Knut Gjengedal
-Nedstryn 19:00 Sangkveld. Mikael
Järlestrand

**25. mai; 2. pinsedag –
Joh 6, 44-47**
-Bergsetnausta, Nordsida 12:00 Naust-
messe for heile indre Nordfjord

**31. mai; Treeiningssundag –
Luk 10, 21-24**
-Nedstryn 11:00 Konfirmasjon III.
Ved Knut Gjengedal
-Ljosheim 11:00 Sportsgudsteneste.
Ved Harald Runde

-Randabygd 11:00 Konfirmasjon.
Ved Mari Saltkjel

**7. juni; 2. s i treeiningstida –
Joh 3, 26-30**
-Tistamstøylen, Utvik 15:00 Støylsmesse.
Ved Harald Runde

**14. juni; 3. s i treeiningstida –
Joh 1, 35-41**
-Randabygd 11:00 Gudsteneste.
Ved Mari Saltkjel
-Sundshaugen, Olden 14:00 Friluftsgudste-
neste. Ved Harald Runde

**21. juni; 4. s i treeiningstida –
Matt 16, 24-27**
-Nedstryn 11:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal

-Hornindal 11:00 Gudsteneste.
Ved Mari Saltkjel
-Nordsida 15:00 Gudsteneste.
Ved Mari Saltkjel
-Oppstryn 20:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal

**28. juni; 5. s i treeiningstida –
Matt 7, 21-29**
-Loen 11:00 Gudsteneste
-Olden 11:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde
-Heggdalstøylen, Innvik 16:00 Støylsmesse

**5. juli; Aposteldagen –
Matt 16, 13-20**
-Selja, Selje. Seljumannamesse.



B Fulldistribusjon

Årsstatistikk for sokna i indre Nordfjord 2014 (2013)

	Oppstryn		Nedstryn		Loen		Stryn prestegjeld	
Døyppte	6	(10)	24	(20)	7	(6)	37	(38)
Konfirmerte	7	(9)	36	(50)	3	(10)	46	(69)
Vigde	3	(1)	1	(1)	4	(5)	8	(7)
Gravferder	10	(10)	21	(18)	3	(2)	34	(30)
Gudstenester	16	(17)	36	(39)	16	(17)	68	(73)
Deltakarak ved gudstenester	980	(1564)	5267	(5648)	881	(1226)	7128	(8438)
Nattverdgjester	115	(172)	511	(941)	83	(144)	709	(1257)
Offer/kollekt	26273	(35453)	102698	(101702)	35710	(29902)	164681	(167057)

	Olden m/Ljosheim		Innvik		Utvik		Innvik prestegjeld	
Døyppte	6	(17)	4	(2)	0	(3)	10	(22)
Døyppte, bur i soknet	4	(10)	1	(0)	0	(1)	5	(11)
Konfirmerte	9	(13)	7	(5)	0	(3)	16	(21)
Vigde	4	(7)	1	(2)	0	(0)	5	(9)
Gravferder	11	(9)	7	(5)	4	(6)	22	(18)
Gudstenester	31	(28)	24	(19)	18	(16)	73	(63)
Deltakarak ved gudstenester	2499	(2610)	1326	(1260)	969	(935)	4794	(3705)
Nattverdgjester	546	(484)	240	(134)	141	(115)	927	(733)
Offer/kollekt	91596	(97497)	39670	(34704)	69734	(42696)	201000	(174897)

	Hornindal		Nordsida		Randabygd		Hornindal prestegjeld	
Døyppte	12	(12)	3	(5)	3	(3)	18	(20)
Konfirmerte	20	(26)	5	(4)	4	(1)	29	(31)
Vigde	2	(2)	1	(1)	2	(0)	5	(3)
Gravferder	11	(12)	6	(5)	3	(2)	20	(19)
Gudstenester	25	(25)	21	(199)	12	(10)	58	(56)
Deltakarak ved gudstenester	2500	(2384)	1698	(1575)	698	(613)	4896	(5258)
Nattverdgjester	212	(148)	265	(436)	60	(81)	573	(732)
Offer/kollekt	54402	(70761)	67007	(62250)	14142	(10880)	135551	(142279)



Neste nummer får du i posten rundt 25. juni, og redaktør er Anna Marie Skogli Vatnamo. Vi tek svært gjerne i mot stoff til neste nummer innan 29. mai på e-post post@kyrkjeklokka.no